



Vurdering for Tryggheim ungdomsskule

Vedteke av styret ved Tryggheim skular
20.10. 2010

Innhold

	Side
1. Rett til vurdering	3
2. Formålet med vurdering	4
3. Grunnlaget for vurdering i fag	5
4. Karakterar i fag	6
5. Undervegsvurdering	7
6. Eigenvurdering	8
7. Halvårsvurdering	9
8. Retningslinjer for føring av fråvær	9
9. Sluttvurdering	10
10. Standpunktkarakterar i fag	14
11. Fastsetting av standpunktkarakterar i fag	15
12. Elevar med individuell opplæringsplan (IOP) og vurdering	15
13. Vurdering i orden og åtfærd	16
14. Varsling	17
15. Eksamen	18
16. Klage på vurdering	19
17. Kontakt med heimen	21

1. Rett til vurdering

Forskrift til privatskulelova

§ 3-1. Rett til vurdering og Opplæringslova § 3-1

Elevar i offentlege grunnskular og skular som er godkjende etter opplæringslova §2-12 , har rett til vurdering etter reglane i dette kapitlet. Det skal leggjast vekt på å gi god tilbakemelding og rettleiing til elevane. Det skal og leggjast til rette for at elevane kan gje god eigenvurdering.

Det skal vera kjent for eleven kva som er måla for opplæringa og kva som er vektlagt i vurderinga av hennar eller hans kompetanse. Det skal og vera kjent for eleven kva som er grunnlaget for vurdering og kva som blir vektlagt i vurderinga.

For å få rett til vurdering må eleven møte til og delta aktivt i opplæringa slik at læraren får eit grunnlag for vurdering.

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

1. Tryggheim ungdomsskule er ein godkjend skule, og alle elevar har rett på vurdering.
2. Dette inneber både skriftleg og munnleg vurdering.
3. Alle elevar skal kjenna til måla for opplæringa. Dette skal vera kjent for elevane gjennom mål på planane.
4. Det er laga til vurderingskriterium i alle fag. Desse vurderingskriteria har elevane fått og skrive under på at dei er innforstått med. Desse vurderingskriteria ligg og på Fronter.
5. Ein elev som ute blir frå prøvesituasjonar, vil som regel få ein ny prøvesituasjon når han møter opp på skulen igjen. Elevar som ikkje møter på heildagsprøvar vil som hovudregel alltid få ein ny prøvesituasjon.

2. Formålet med vurdering

*Forskrift til Opplæringslova
§ 3-2. **Formålet med vurdering***

Formålet med vurdering i fag er å fremje læring undervegs og uttrykkje kompetansen til eleven, lærlingen og lære kandidat undervegs og ved avslutninga av opplæringa i faget. Vurderinga skal gi god tilbakemelding og rettleiing til elevane, lærlingane og lære kandidatane.

Undervegs vurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven, lærlingen og lære kandidat aukar kompetansen sin i fag.

Sluttvurderinga skal gi informasjon om kompetansen til eleven, lærlingen og lære kandidat ved avslutninga av opplæringa i faget.

Formålet med vurdering i orden og i åtfærd er å bidra i sosialiseringprosessen til eleven, skape eit godt psykososialt miljø og gi informasjon om eleven sin orden og åtfærd.

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

1. Alle elevar har rett på ei undervegs vurdering i samband med prøvesituasjonane. Dette kan anten vera ei munnleg vurdering eller ei skriftleg vurdering.
2. Dokumentasjon er viktig. Du som lærar/assistent skal kunne dokumentera at vurderinga er gitt.
3. Etter 1. og 2. termin har elevane ved Tryggheim ungdomsskule krav på ei skriftleg undervegs vurdering. Dette gjeld ikkje fag som er avsluttande.
4. I sluttvurderinga er det ikkje noko krav om vurdering utanom talkarakteren.

3. Grunnlaget for vurdering i fag

Forskrift til opplæringslova

§ 3-3 Grunnlaget for vurdering i fag

Grunnlaget for vurdering i fag er dei samla kompetansemåla i læreplanane for fag...

I vurderinga i fag skal ikkje føresetnadene til den enkelte, fråvær, eller forhold knytte til ordenen og åtfërda til eleven trekkjast inn.

Læraren skal så langt råd er, skaffe tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere kompetansen til eleven, slik at retten eleven har etter § 3-1, blir oppfylt. Det gjeld òg dersom stort fråvær eller andre særlege grunnar gjer vurdering vanskeleg. Eleven skal møte til og delta aktivt i opplæringa slik at læraren får grunnlag for å vurdere eleven sin kompetanse i faget.

Stort fråvær, manglande deltaking i planlagde vurderingssituasjonar eller andre særlege grunnar kan føre til at grunnlaget for halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter manglar

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

1. Både lærar og elev har ansvar for grunnlaget for vurderinga.
2. Læraren skal laga planar og vurderingssituasjonar i faget og gjennomføra desse.
3. Stiller ein elev på ein prøve og leverer blankt kan eleven få karakteren 1.

FRAMGANGSMÅTE VED FRÅVÆR FRÅ PRØVAR

- *Det er pliktig frammøte til alle varsla prøvar, jf. § 2 i reglementet for skulen. Det er berre sjukdom eller annan gyldig grunn som er lovleg grunn til fråvær.*
- *Dersom ein elev av ein eller annan grunn ikkje har møtt til ordinær prøve, blir det eleven sitt ansvar å gjera avtale med faglærar, slik at faglærar får det nødvendige karaktergrunnlaget, jf.. «Ansvar for eiga læring».*
- *Elevar som skulkar prøvar utan gyldig grunn, kan få umeld prøve i ein vanleg undervisningstime.*
- *For elevar som ikkje har møtt til ordinære prøvar og som manglar karaktergrunnlag, blir det sett opp ekstra prøvar i slutten av terminen frå ein*

større del av pensum. Denne ekstraprøven blir dermed forskjellig frå den ordinære.

- NB. Møter ikkje eleven opp eller lar vera å levera, kan han ikkje få karakteren 1. (1 er ein karakter.) Han har då ikkje levert og resultatet kan bli at det ikkje er karaktergrunnlag.

4. Karakterar i fag

Forskrift til opplæringslova

§ 3-4. Karakterar i fag

Frå 8. årstrinn skal vurdering også givast med talkarakterar. Det skal brukast talkarakterar på ein skala frå 1 til 6. Berre heile talkarakterar skal brukast.

§ 3–4 Karakterar i fag

Frå 8. årstrinn skal vurdering også givast med talkarakterar. Det skal brukast talkarakterar på ein skala frå 1 til 6. Berre heile talkarakterar skal brukast.

Dei enkelte karaktergradene har dette innhaldet:

- a) karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget*
- b) karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget*
- c) karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget*
- d) karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget*
- e) karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget*
- f) karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.*

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

Alle terminkarakterar og standpunktkarakterar skal førast med heile karakterar på karakterutskriftene og på vitnemålet

Delte karakterar (4+, 3-) skal berre brukast i undervegsvurderinga som ein del av rettleiinga til eleven.

Særleg for faget utdanningsval

- I dette faget vert det ikkje gjeve talkarakterar.
- Vurderinga vert sett til "delteke"/"ikkje delteke".
- Kriterium for å få karakteren "ikkje delteke" er:
 1. Stort fråvær
 2. Ikkje innlevering av fastsette oppgåver

- Ein elev som står i fare for å få vurderinga "ikkje delteke" skal få varsel om dette og ha moglegheit til å forbetra seg slik at karakteren "delteke" kan verta beholden

5. Undervegsvurdering

Forskrift til opplæringslova

§ 3-11 Undervegsvurdering

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven aukar kompetansen sin i fag, jf. § 3-2.

Undervegsvurderinga skal gis løpande og systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg.

Undervegsvurderinga skal innehalde grunngitt informasjon om kompetansen til eleven og skal givast som meldingar med sikte på fagleg utvikling.

Eleven har minst ein gong kvart halvår rett til ein samtale med kontaktlæraren om sin utvikling i forhold til kompetansemåla i faga. Samtalen kan gjennomførast i samband med halvårsvurderinga utan karakter, jf. § 3-13

Læraren skal vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 5-1 og § 5-4. ...

Hovudmålet for all undervegsvurdering er og fremma læring. Gjennom samtalar, skriftlege eller munnlege kommentarar og meldingar skal faglæraren gi eleven grunngitt informasjon om kompetansen og rettleiing om korleis han kan ha auka kompetansen i faget.

Eleven skal ikkje berre få tilbakemeldingar frå læraren, han skal òg delta i vurderinga sjølv. Eigenvurderinga til eleven er ein del av undervegsvurderinga og skal ha auka eleven sin prestasjonar i faget. Eigenvurderinga har ikkje noko å seia for sluttvurderinga som faglæraren skal gjera.

Undervegs vurderinga skal ha munna ut i ei halvårsvurdering. I fag som går over fleire år, skal det vera halvårsvurdering, ikkje standpunktvurdering, ved slutten av skuleåret fram til det året faget blir endeleg avslutta. Berre karakterar som skal førast på vitnemålet, er standpunktkarakterar.

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

1. Mat og helse er eit avsluttande fag i 8.klasse
2. Alle dei andre fag er avsluttande fag i 10.klasse og skal derfor berre ha standpunktkarakter på 10.trinn.

3. Alle elevar på skulen har rett på å få ha minst 2 elevsamtalar kvar termin med kontaktlærar.
4. Undervegsvurderinga som blir gitt, ynskjer me og leggja til rette for og føra i Fronter.

5. Lærarar som er i tvil om ein elev har tilfredsstillande utbytte av Opplæringa, skal følgja prosedyrane nedanfor:
 - a. Faglærar informerar kontaktlæraren. (Det er viktig å sjekka ut kva tiltak som allereie er sette i gang og drøfta.)
 - b. Dersom ein ser at eleven kan ha behov til ytterlegare tilrettelegging, fyller kontaktlærar ut skjemaet: "*Bekymringsmelding frå lærar til sosiallærar/spesialpedagog*" og gir dette vidare til spes.ped.-ansvarleg.
 - c. Eleven vil då bli drøfta neste gong spes.ped. Teamet har møte. Ved behov vert kontaktlærar/faglærar kalla inn.
 - d. Kontaktlærar/faglærar får tilbakemelding om vidare tiltak.

6. Eigenvurdering

§ 3-12 Eigenvurdering

Eigenvurderinga til eleven er ein del av undervegsvurderinga. Eleven skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

1. Før kvar utviklingssamtale der kontaktlærar, foreldre/føresette og elev møter, skal eleven gjera ei eigenvurdering. *Dette er ei vurdering som eleven skal gjera i Fronter.*

7. Halvårsvurdering

§ 3-13 Halvårsvurdering i fag for elevar

Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal syne kompetansen til eleven i forhold til kompetansemåla i læreplanverket. Ho skal også gi rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget. Det skal bli gitt halvårsvurdering utan karakter gjennom heile grunnopplæringa. Frå 8. årstrinnet skal eleven ha halvårsvurdering utan karakter og halvårsvurdering med karakter. Halvårsvurderinga med karakter skal gi uttrykk for den kompetansen eleven har nådd ut frå det som er forventa på tidspunktet for vurderinga

Dokumentering av undervegsvurderinga

§ 3-16 Kravet til dokumentering av undervegsvurderinga

Frå 8. årstrinnet skal alle elevar kvart halvår få halvårsvurdering med karakter i fag og i orden og i åtferd dokumentert skriftleg. Fråværet skal også dokumenterast kvart halvår. Det skal kunne dokumenterast at undervegsvurdering er gitt, jf. § 3-11 til § 3-15

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

1. Fråværet skal førast kvar gong på karakterutskrifta og på vitnemålet
2. Når ein fører på fråværet, må ein ta omsyn til:

8. Retningslinjer for føring av fråværet

Utgangspunktet er § 3-41 i Forskrift til privatskulelova: Føring av fråværet i grunnskulen.

Frå og med 8. trinn skal alt fråværet førast på vitnemålet. Fråværet skal førast i dagar og einskildtimar. (Enkelttimar kan ikkje gjerast om til dagar.)

Eleven eller foreldra kan krevja at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggja fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.

For inntil **10 skuledagar** i eit opplæringsår kan eleven krevja at følgjande fråværet ikkje vert ført på vitnemålet:

- a) dokumentert frávær som skyldast helsegrunnar
- b) innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11

For at frávær som skyldast helsegrunnar, ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggja fram ei **legeerklæring** som dokumenterer dette. Frávær som skyldast helsegrunnar, må vara meir enn tre dagar, og det er berre frávær frå og med fjerde dagen som kan strykast.

Ved dokumentert risiko for frávær på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan frávær strykast frå og med første dagen ein er borte frå skulen.

Lokal tilpassing:

- a) Elevar som legg fram dokumentasjon i form av melding frå Lege, vil unngå at fráværet frå og med 4 dag blir ført på vitnemålet. (Det er viktig og merka seg at det er eleven / foreldra som har ansvar for å leggja fram dokumentasjon.
- b) Permisjon etter § 2-11 forstår me slik at det gjeld:
 - turar
 - gravferd
 - oppdrag for kulturskulen
 - tannlege
 - lege

Det er viktig at alle punkta ovanfor krev ei skriftleg melding frå heimen.

- c) Møte hjå rektor, rådgjevar, helsesøster, PPT eller deltaking i elevrådsarbeid vert rekna som skuleadministrative gjeremål og fører ikkje til frávær (Dette kjem ikkje inn under 10 dagars regelen)

9. Sluttvurdering

Privatskulelova § 3-16. Sluttvurdering i fag

Sluttvurderinga skal gi informasjon om kompetansen til eleven ved avslutninga av opplæringa i fag etter den læreplanen skulen har fått godkjend etter privatskulelova § 2-3 jf. § 3-3.

Sluttvurderingar i grunnskolen er standpunktkarakterar og eksamenskarakterar.

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

§ 5-1. Kva det kan klagast på

Det kan klagast på standpunktkarakterar, avgangskarakterar/eksamenskarakterar og karakterar til fag-

/sveineprøver. Det kan også klagast på vedtak om ikkje og setje standpunktkarakter.

§ 5-2. *Kven som kan klage*

Elevar, lærlingar, privatistar og praksiskandidatar eller dei desse gir skriftleg fullmakt, har klagerett. Foreldre til umyndige elevar, lærlingar eller privatistar har sjølvstendig klagerett. Ein elev under 15 år kan ikkje klage utan skriftleg samtykke frå foreldra.

§ 5-3. *Avgjerd i klagesaka*

Behandling av klage over karakter kan føre til at karakteren blir ståande eller til at han blir endra til gunst eller ugunst for klagaren. Avgjerda skal grunnjevast. Avgjerda er endeleg og kan ikkje klagast på.

Fører klagebehandlinga til endring av vitnemålet/innhaldet i dokumentasjonsbevis, skal det skrivast nytt, og tidlegare vitnemål/dokumentasjon skal leverast tilbake.

Behandling av klage over fag-/sveineprøve kan omgjerast frå ikkje bestått til bestått.

§ 5-4. *Saksgangen ved klage*

Dei som har klagerett etter forskrifta § 5-2, skal få opplysningar om høve til å klage, klagefristen og om kva klagen skal innehalde i medhald av denne forskrifta og lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker §§ 29, 30, 31 og 32. Dei som har klagerett, skal også få informasjon om retten til å få retningslinjer som er gitt sensorane og grunngeving etter forskrifta § 5-7.

Klagen skal sendast til den skolen der klagaren er elev. Privatistar sender klagen til den skolen der avgangsprøva/eksamen er halden. Klage som gjeld fag-/sveineprøve, skal sendast til fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda der prøva er halden.

Ved klage i samband med skriftleg avgangsprøve i grunnskolen skal skolen sende klagen saman med prøvesvaret til Fylkesmannen, jf. forskrifta § 5-9 første ledd. Ved klage i fag der det blir vurdert fleire svar, skal alle elevsvara leggjast ved.

0 Endra ved forskrift 8 juni 2004 nr. 822 (i kraft 15 juni 2004).

§ 5-5. *Klagefristar*

Frist for å klage på vedtak som gjeld avgangskarakterar/ eksamenskarakterar og standpunktkarakterar er **10 dagar**.

Frist for å klage over vedtak om vurdering av den praktiske delen av fag- /sveineprøva er 3 veker.

Fristen skal reknast frå det tidspunktet da melding om vedtaket er komen fram til den som har klagerett, eller da den som har klagerett, burde ha gjort seg kjend med vedtaket. Fristen blir avbroten når den som har klagerett, ber om grunngeving for vedtaket. Fristen tek igjen til når grunngeving er gitt.

0 Endra ved forskrift 18. april 2001 nr. 427.

§ 5-12. Klage over standpunktkarakter. Klageinstans og klagebehandling

Ved klage over standpunktkarakter, eller over vedtak om ikkje å fastsetje standpunktkarakter, kan klageinstansen berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetjing er følgde. Med klagen skal følgje fråsegn frå faglæraren om korleis karakteren er fastsett eller kvifor karakter ikkje er sett, og fråsegn frå rektor om saksbehandlinga ved skolen. Kopi av fråsegna skal sendast klagaren.

Klageinstans i grunnskolen er Fylkesmannen i kvart fylke. Klageinstans i vidaregåande opplæring er fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde. Fylkesmannen i Oslo og Akershus er klageinstans når klagaren tek vidaregåande opplæring ved privat skole i utlandet.

Dersom klagen blir funnen rettkomen, må klageinstansen presisere kva reglar han meiner er brotne eller det kan reisast tvil om er brotne, og sende saka tilbake til skolen. Klageinstansen skal informere klagaren om resultatet av klagebehandlinga. Rektor og faglærer gjennomfører ny vurdering. Rektor set endeleg karakter. Den nye avgjerda kan det ikkje klagast på.

Finn klageinstansen at klagaren ikkje kan få medhald, er avgjerda endeleg.

0 Endra ved forskrift 8. juli 2003 nr. 941.

§ 5-13. Klage over karakter i orden og åtfærd. Klageinstans og klagebehandling

Ved klage over karakter i orden og åtfærd skal eleven sin kontaktlærer og rektor gi fråsegn som saman med klagen skal sendast til klageinstansen. I fråsegna skal det gjerast greie for kva karakterar i orden og åtfærd som har vore gitt tidlegare, kva tiltak skolen har sett i verk for å rette på forholda og ei fylldig grunngeving for karakteren. Kopiar av ordensreglement for skolen, utskrift av protokoll som viser korleis skolen har behandla saka m.m. skal leggjast ved fråsegna. Ved klage i grunnskolen skal det også

gjerast greie for om heimen har vore varsla om at karakteren kunne bli sett ned og eventuell anna korrespondanse med foreldra. Klagaren skal ha kopi av fråsegna.

Klageinstans i grunnskolen er Fylkesmannen i kvart fylke. Klageinstans i vidaregåande opplæring er fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde.

Klageinstansen avgjer om klagen skal medføre endring av karakteren til gunst eller ugunst for klagaren.

0 Endra ved forskrifter 8. juli 2003 nr. 941, 2. juli 2003 nr. 921 (i kraft 1 aug 2003).

5-6. Formkrav

Klage må fremjast skriftleg, og underskrivast av klagaren eller eventuelt av fullmektig. Klagen skal nemne det vedtaket som blir påklaga, og dersom det er nødvendig, gi opplysningar som gjer det mogleg å avgjere spørsmål om klagerett og om klagefristen er halden. Klagen bør innehalde grunngivinga for klagen, jf. likevel forskrifta § 5-9 fjerde ledd siste punktum.

§ 5-7. Rett til grunngiving

Den som har klagerett, jf. forskrifta § 5-2, kan innanfor klagefristen krevje grunngiving for karakterar i fag der det blir halde munnleg avgangsprøve/eksamen, fastsett standpunktkarakterar, karakter for praktisk eksamen eller standpunktkarakter i orden og åtferd. Grunngivinga skal givast av sensor eller ein lærar som har teke del i karakterfastsetjinga.

Dersom ein elev ikkje får standpunktkarakter eller får ikkje bestått som standpunktkarakter, kan det krevjast grunngiving for det.

Den som har klagerett, kan ikkje krevje grunngiving av karakter til skriftleg avgangsprøve/eksamen

10. Standpunktkarakterar i fag

§ 3-18 Standpunktkarakterar i fag

Standpunktkarakterar er karakterar som blir gitt ved avslutninga av opplæringa i fag, jf. læreplanverket, og som skal førast på vitnemålet.

Standpunktkarakteren må baserast på eit breitt vurderingsgrunnlag som samla viser kompetansen eleven har i faget, jf. § 3-3. Eleven skal ha høve til å forbetre kompetansen sin i faget inntil standpunktkarakteren er fastsett. Eleven skal bli gjort kjend med kva det er lagt vekt på i fastsetjinga av hennar eller hans standpunktkarakter.

... Rektor har ansvaret for at faglærer set standpunktkarakter. Dersom rektor er i tvil om reglane for fastsetjing av standpunktkarakter er følgde, kan rektor krevje ei ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette og førte.

I dei tilfella der det ikkje er grunnlag for å setje standpunktkarakter, har rektor ansvar for at det blir fatta enkeltvedtak om at standpunktkarakter ikkje skal bli gitt.

For at det skal kunne gjerast enkeltvedtak om å ikkje gi karakter, skal eleven vere varsla, jf. § 3-7.

Utfyllande retningslinjer:

Det skal vera mogleg for eleven å betra kompetansen sin fram til standpunktkarakteren blir sett. Skulen legg til rette slik at eleven får oppfylt retten sin innan ei praktisk gjennomførleg ramme.

Faglærer må gjera eleven kjend med kva det blir lagt vekt på ved fastsettinga av standpunktkarakteren, sjå også § 3-1.

Undervegsvurderinga og sluttvurderinga må sjåast i samanheng. Gjennom undervegsvurderinga får læraren oversikt over kompetanseutviklinga til eleven, og dermed kan standpunktkarakteren ved avslutninga av opplæringa setjast på eit breitt grunnlag, jf. § 3-2. Men standpunktkarakteren skal ikkje vera eit matematisk gjennomsnitt av tidlegare karakterar i faget.

Dersom ein elev står i fare for ikkje å få karakter, skal det varslast skriftleg.

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

At skjema om "Varselbrev" i personalhandboka vert nytta.

11. Fastsetting av standpunktkarakterar i fag

§ 3-18. Standpunktkarakterar i fag

Standpunktkarakterar er karakterar som blir gitt ved avslutninga av opplæringa i fag, jf. læreplanverket, og som skal førast på vitnemålet.

Standpunktkarakteren må baserast på eit breitt vurderingsgrunnlag som samla viser kompetansen eleven har i faget, jf. § 3-3. Eleven skal ha høve til å forbetre kompetansen sin i faget inntil standpunktkarakteren er fastsett. Eleven skal bli gjort kjend med kva det er lagt vekt på i fastsetjinga av hennar eller hans standpunktkarakter.

Standpunktkarakterar i fag med sentralt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før fellessensurmøtet.

Standpunktkarakterar i fag med lokalt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før skulen gjennomfører den første lokalt gitte eksamenen på det aktuelle trinnet

Rektor har ansvaret for at faglærer set standpunktkarakter. Dersom rektor er i tvil om reglane for fastsetjing av standpunktkarakter er følgde, kan rektor krevje ei ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette og førte.

I dei tilfella der det ikkje er grunnlag for og setje standpunktkarakter, har rektor ansvaret for at det blir fatta enkeltvedtak om at standpunktkarakter ikkje skal bli gitt. For at det skal kunne gjerast enkeltvedtak om og ikkje gi karakter, skal eleven vere varsla, jf. § 3-7. Når det ikkje kan givast standpunktkarakter i grunnskolen på grunn av stort fråvær eller andre særlege grunnar, skal det ikkje førast karakter på vitnemålet

12. Elevar med individuell opplæringsplan (IOP) og vurdering

§ 5-5 Unntak frå reglane om innhaldet i opplæringa

Reglane om innhaldet i opplæringa i denne lova og i forskrifter etter denne lova gjeld for spesialundervisning så langt dei passar. For elev som får spesialundervisning, skal det utarbeidast individuell opplæringsplan. Planen skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis ho skal drivast.

Skulen skal kvart halvår utarbeide skriftleg oversikt over den opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven.

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

1. Elevar med IOP som avvik frå læreplanen, skal **ikkje** vurderast med karakter, men dei skal ha skriftleg vurdering utan karakter.

13. Vurdering i orden og åtfærd

Forskrift til opplæringslova

§ 3-2 Formålet med vurdering

... Formålet med vurdering i orden og i åtfærd er å bidra i sosialiseringssprosessen til eleven, skape eit godt psykososialt miljø og gi informasjon om eleven sin orden og åtfærd.

§ 3-5 Grunnlaget for vurdering i orden og i åtfærd

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtfærd er knytt til i kva grad eleven opptre i tråd med ordensreglementet til skolen.

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleig, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr.

Grunnlaget for vurdering i åtfærd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.

Vurderinga av orden og åtfærd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.

I vurderinga i orden og i åtfærd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har.

Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. Fråværet kan føre til nedsett karakter i anten orden eller i åtfærd.

§ 3-15 Halvårsvurdering i orden og i åtfærd for elevar

Halvårsvurdering i orden og i åtfærd er ein del av underevgsvurderinga. Det skal givast halvårsvurdering utan karakter i orden og i åtfærd i heile opplæringsløpet.

Det skal givast halvårsvurdering med karakter ved slutten av opplæringsåret dersom eleven ikkje avsluttar opplæringa i skole dette opplæringsåret. Når eleven avsluttar opplæringa i skole skal det fastsetjast standpunktkarakter i orden og i åtfærd etter § 3-19.

§ 3-19. Standpunktkarakterar i orden og i åtfærd

Elevar skal ha standpunktkarakterar i orden og i åtfærd etter 10. årstrinnet.

Leiar har ansvaret for at standpunktkarakterar i orden og i åtfærd blir fastsette etter drøfting i møte der lærarane til eleven er til stades.

Endeleg karakterar i orden og i åtfærd skal fastsetjast etter at opplæringa er avslutta

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

INSTRUKS FOR KARAKTERMØTE FOR TRYGGHEIM UNGDOMSSKULE.

- § 1. Leiar har ansvar for å gjennomføra møtet der standpunktkarakteren i orden/åtfærd blir fastsett og sørgjer for at det blir ført og underskrive karakterprotokoll.
- § 2. Karaktermøtet fastset karakter i orden/åtfærd i møte mellom **alle** lærarane til eleven.
- § 3. Når det er usemje skal det røystast. Det er berre dei lærarane som underviser eleven som har røysterett.
- § 4. Når det er likt røystetal ved fastsetting av **terminkarakteren** i orden/åtfærd, har kontaktlærar dobbelrøyst
- § 5. Når er det likt røystetal ved fastsetting av **standpunktkarakteren** i orden/åtfærd, har leiaren dobbelrøyst.
- § 6. Når leiar er i tvil om reglane for fastsetjing av karakter er blitt følgde, kan leiar krevje nytt møte. Ved likt røystetal har leiar dobbelrøyst.
- § 7. **Fastsetting av termin- og standpunktkarakteren 1 i fag.**
Vurderar ein å gje karakteren 1, må alltid dette leggjast fram for karaktermøtet. Dei som ynskjer det kan be om innsikt i avgjerda. Leiar må passa på at prosedyrane er fylgde før karakteren 1 kan setjast.

14. Varsling

Forskrift til opplæringslova

§ 3-7 Varsling

Eleven og foreldra skal varslast skriftleg dersom det er tvil om eleven kan få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag fordi det ikkje er grunnlag for fastsetjing av karakter.

Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtfærd.

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

1. Sjå prosedyre under punkt 10.

15. Eksamen

Forskrift til opplæringslova

§ 3-25 Generelle føresegner

Eksamen skal vere i samsvar med læreplanverket.

Læreplanen i det enkelte faget fastset om og eventuelt når i opplæringsløpet det skal vere eksamen i faget.

.... Eksamen skal organiserast slik at eleven eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven eller privatisten slik denne kjem fram på eksamen.

Forskrift til opplæringslova

§ 3-32 Særskild tilrettelegging av eksamen

Elevar og privatistar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i læreplanverket. Tiltaka må vere tilpassa behova til eleven og privatisten så langt råd er.

Tiltaka må ikkje føre til at eleven eller privatisten får fordelar framfor andre som ikkje får tilrettelegging ved eksamen.

... Rektor avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast for elevar. Avgjerda til rektor er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Rektor kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans.

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

Dersom det er dokumentert behov for spesiell tilrettelegging på eksamen, kan kontaktlærer/rådgjevar hjelpa eleven med å søkja om dette. Det gjeld f.eks. ved lese- og skrivevanskar, kronisk sjukdom eller funksjonshemmingar. Tilrettelegginga kan for eksempel vera forlenga eksamenstid. Søknad skal sendast til rektor.

16. Klage på vurdering:

Forskrift til opplæringslova

§ 5-1 Kva det kan klagast på

Det kan klagast på standpunktkarakterar og eksamenskarakterar. Det kan også klagast på vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter.

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

1. Kven som kan klage står oppgitt i § 5-2.

Eleven kan skriva klagen sjølv, eller dei føresette kan gjera det dersom eleven ikkje er myndig. Dersom han er myndig og vil at andre skal skriva klagen for seg, må han gi skriftleg fullmakt til det.

2. Klagefrist sjå § 5-5

Klagefristen på karakterar er 10 dagar etter at eleven har fått resultatet, eller etter at han burde ha gjort seg kjent med resultatet. **Eleven må halda seg orientert om den fristen skulen har sett for kunnngjering av karakterane.**

3. Dersom eleven innan fristen på 10 dagar ber om grunngiving for karakteren, blir klagefristen avbroten. Når eleven får grunngivinga, har han ny frist på 10 dagar dersom han vil ha klaga.

Før eleven klagar, bør han kontakta faglærer og be om ei grunngiving for karakteren. Dette gjeld ikkje skriftleg eksamen. Eleven skal ha kopi av alle dokumenta som følgjer klagen.

Klage på standpunktkarakter/manglande standpunktkarakter:

Forskrift til opplæringslova

§ 5-6 Formkrav

Klagen må fremjast skriftleg, og underskrivast av klagaren eller eventuelt ein med fullmakt.

§ 5-12 Klage på standpunktkarakter

Ved klage på standpunktkarakter eller vedtak om ikkje å fastsetje standpunktkarakter kan klageinstansen berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetting er følgde.

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

1. Klagen skal vera skriftleg og sendast til skulen.
2. Eleven må presisera kva han klagar på, og han må grunngi klagen.
3. Faglærer gjer greie for korleis karakteren er sett, eller kvifor han ikkje har gitt karakter.
4. Rektor gir ein uttale om saksbehandlinga til skolen.
5. Når det gjeld orden og åtferd, skal kontaktlæraren til eleven og rektor uttala seg.

Eleven skal ha kopi av fråsegnene til faglærer og rektor. Dersom eleven meiner det er feil i desse fråsegnene, som kan ha betydning for om klagen blir tatt til følgje eller ikkje, må han straks skriva brev til klageinstansen og peika på eller dokumentera det han meiner er feil.

Klageinstansen skal vurdera om skulen har følgd gjeldande reglar for karakterfastsetting eller ikkje (formelle feil). Klageinstansen kan ikkje avgjera om faglærer har vore "streng med karakteren".

Dersom eleven får medhald i klagen, skal rektor og faglærer diskutera standpunkt-karakteren på nytt. Rektor fastset endeleg karakter. Dersom eleven får medhald i ein klage på karakteren i orden eller i åtferd, er det klageinstansen som fastset endeleg karakter.

Når rektor eller klageinstansen har fastsett endeleg karakter, er klagebehandlinga over, og resultatet er endeleg. Dersom eleven meiner avgjerda er feil, kan han bringa saka inn for ombodsmannen for forvaltninga eller gå til sivilt søksmål mot fylkeskommunen.

Klage på eksamen – skriftleg, munnleg og praktisk:

Forskrift til opplæringslova

§ 5-9 Klage på karakter til skriftleg eksamen

... Når det gjeld klage på karakter til skriftleg eksamen, prøver nemnda alle sider ved karakterfastsetjinga. Finn nemnda at karakteren er urimeleg i forhold til eksamensprestasjonen, set ein ny karakter.

Utfyllande retningslinjer:

Ved klage på skriftleg eksamen kan eleven ikkje be om grunngiving for karakteren, men han kan krevja å få sjå eventuelle retningslinjer som sensorane har brukt ved sensureringa. Eleven har rett til å få kopi av sitt eige svar slik at han kan gjera seg kjent med det. Svaret blir vurdert av ei klagenemnd som set endeleg karakter. Klagebehandling kan føra til at karakteren blir sett ned, oppretthalden eller sett opp.

Forskrift til opplæringslova

§ 5-10 Klage på karakter ved munnleg eksamen

Ved munnleg eksamen kan det berre klagast på formelle feil som kan ha noko å seie for resultatet.

... Dersom klagaren får medhald i klagen ved munnleg eksamen, skal karakteren annullerast, og klagaren har rett til å gå opp til ny eksamen.

Utfyllande retningslinjer:

Ved munnleg eksamen kan eleven ikkje klaga på karakteren, berre på formelle feil som kan ha hatt betydning for karakteren, for eksempel at eksamen ikkje blei gjennomført under forsvarlege forhold. Rektor, sensor og eksaminator skal gi fråsegn til klageinstansen.

17. Kontakt med heimen

Forskrift til privatskulelova

§ 3-2. **Kontakt med heimen** og Opplæringslova § 3-2

Skulen skal halda god kontakt med foreldra eller dei føresette. Kontaktlærer skal minst to gonger i året ha ein planlagd og strukturert samtale med foreldra eller dei føresette om korleis eleven arbeider til dagleg og gjere greie for korleis eleven står i forhold til kompetansemåla i faga. Samtalen skal ha munna ut i ei oppsummering, mellom anna med sikte på å bli einige om kva det særskilt skal leggjast vekt på i det vidare arbeidet. Når eleven har fylt 12 år, har han eller ho rett til og vera med i samtalen.

Det skal alltid sendast skriftleg melding når foreldra eller dei føresette ikkje møter til samtale.

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

1. Kvar kontaktlærer har ansvar for å kalla inn til ein planlagd samtale med foreldre/føresette før jul og ein samtale etter jul.
2. Administrasjonen har ansvar for å setja opp ein tidsplan for når desse samtalanene skal vera gjennomførde.
3. Alle faglærarar har plikt til å gi ei skriftleg vurdering til kontaktlærer før kvar samtale.
4. Alle elevar **skal** møta til samtale saman med foreldre/føresette.
5. Kvar kontaktlærer har ansvar for å ta kontakt, anten gjennom telefon eller gjennom brev, for å avtala nytt møte med foreldre/føresette som ikkje møter til ein førebudd innkalla samtale.

6. Møter ikkje foreldre/føresette til den andre avtala samtalen, skriv kontaktlærer eit notat om dette og legg det i mappa til eleven.
7. Notatet og den skriftlege vurderinga sender ein til heimen.